



Samarbeid mellom

# barneverntenesta

og den offentlege

# tannhelsetenesta



Møre og Romsdal  
fylkeskommune

# Innleiing

Tannhelsetenesta skal i følge tannhelsetenestelova drive oppsøkjande verksemd, førebygging og behandling retta mot alle barn og unge frå 0–18 år. Tannhelsetenesta kallar inn regelmessig alle barn frå 3 til 18 år, og har i samband med tannbehandling høve til å avdekke omsorgssvikt og overgrep.

Det kan til dømes vere ulike tannskader som blir forklart med årsaksforhold som ikkje stemmer med observasjonar, barn som kjem urovekkande seint til konsultasjon etter skade, eller ein observerer tidlegare skade som ikkje er behandla. Større barn med alvorlig tannråte kan også vere utsatt for omsorgssvikt, seksuelle overgrep eller fysisk mishandling.

Tannhelsetenesta har meldeplikt til barnvernet, jfr. Helsepersonelloven §33: «Opplysninger til barneverntjenesten».

FN sin barnekonvensjon om beskyttelse mot misbruk seier: «Staten skal beskytte barnet mot fysisk eller psykisk mishandling, forsømmelse eller utnyttelse fra foreldre og andre omsorgspersoner».

Eit godt tilbod er avhengig av eit nært og forpliktande samarbeid mellom fylkeskommune og kommunale tenester. Barneverntenesta og tannhelsetenesta har ulik organisering og er forankra på forskjellige forvaltningsnivå. For å kunne ivareta lovkrav og helsepolitiske mål, er forpliktande samarbeid mellom forvaltningsnivå nødvendig. Samarbeidet kan best sikrast gjennom skriftlege avtaler mellom partane der ansvar og oppgåver er tydeleg fordelt og definert.

Den offentlege tannhelsetenesta har utarbeidd ei samarbeidsavtale mellom tenestoområda. Barnehuset Ålesund, barneverntenesta i Ålesund kommune og barneverntenesta i Vestnes kommune har vore høyringspartar. Avtalen og rutinar for samarbeidet er basert på retningslinjer som er laga i eit samarbeidsprosjekt mellom den offentlege tannhelsetenesta i Hordaland, Rogaland og

Sogn og Fjordane, Barnehuset Bergen og Odontologisk universitetsklinikk i Bergen.

## Målet for samarbeidet er å:

- Etablere gode rutinar mellom tannhelsetenesta og barneverntenesta for å kunne avdekke omsorgssvikt hos barn og unge
- Styrke den faglege tryggleiken ved meldeplikt
- Sikre gode rutinar slik at barnet sine rettigheter og integritet blir ivaretatt
- Sikre eit godt tverrfagleg samarbeid og auke kompetansen på begge tenestenivå

## Lover og nasjonale føringar som styrer arbeidet

- Lov om tannhelsetjenesten (1983)
- Forskrift om pasientjournal (2000)
- Lov om barnevernstjenester (1992)
- Lov om kommunale helse- og omsorgstjenester m.m. (2011)
- Lov om statlig tilsyn med helse- og omsorgstjenesten m.m. (1984)
- Lov om pasient- og brukerrettigheter (1999)
- Lov om helsepersonell (1999)
- Lov om behandlingsmåten i forvaltningssaker (1967)
- Lov om folkehelsearbeid (2011)
- St.meld. nr.35 (2006–2007) Tilgjengelighet, kompetanse og sosial utjevning, Framtidas tannhelsetjenester
- Rundskriv IS 17/2006 «Helsepersonellens plikt og rett til å gi opplysninger til barneverntjenesten, politiet og sosialtjenesten ved mistanke om alvorlig omsorgssvikt av barn»
- Rapport fra Helsetilsynet 2/2014 «Helsepersonellens opplysningsplikt til barnevernet»
- Regional delplan tannhelse for Møre og Romsdal fylkeskommune (2013)

# Samarbeidsavtale

Målgruppa er barn og unge mellom 0-18 år

## Barneverntenesta sitt ansvar:

- Delta på samarbeids møte med tannhelsetenesta. Tannhelsetenesta kallar inn til møte og skriv referat.
- Kjenne til tannhelsetenesta sine rutinar for innkalling, informasjon til føresette og sending av bekymringsmeldingar.
- Vere tilgjengeleg for tannhelsetenesta med råd og rettleiing i saker der det er mistanke om/eller usikkerheit knytt til om barn kan vere utsett for vald, overgrep eller andre former for omsorgssvikt. Drøftingar av enkeltsaker skal anonymiserast til det føreligg ei bekymringsmelding til barneverntenesta.
- Gi tilbakemelding til meldar. Tilbakemeldinga skal skje seinast innan tre veker etter at meldinga er motteke.
- Tilbakemeldinga kan unnlatast i tilfella der meldinga er klart utan grunn eller andre særskilte omsyn veg imot å gi tilbakemelding (jf. lov om barneverntenesta § 6-7a). Tilbakemeldinga skal bekrefte at meldinga er motteke. Tannhelsetenesta skal opplysast om det er opna sak etter barnevernlova § 4-3. Dersom det er opna sak, skal det gis ny tilbakemelding når undersøkinga er gjennomført. Den nye tilbakemeldinga skal innehalde opplysningar om saka er lagt bort eller om barnevernet følger opp saka vidare.
- Gi melding til tannhelsetenesta når eit barn som er omfatta av bekymringsmeldingar flyttar frå distriktet/regionen.

## Den offentlege tannhelsetenesta sitt ansvar:

- Kalle inn til samarbeids møte mellom barneverntenesta og tannhelsetenesta ein gong pr. år. Tannhelsetenesta har ansvar for å avtale møtedato og for å skrive/sende møtereferat.
- Informere barneverntenesta om

tannhelsetenesta sine rutinar for innkalling, informasjon til føresette og sending av bekymringsmelding.

- Gjere personalet i tannhelsetenesta kjent med kontaktperson til barneverntenesta i sitt område/region.
- Informere barneverntenesta om relevante opplysningar som kan innhentast frå tannhelsetenesta. Svare på konkrete spørsmål frå barnevernet som er relevant for saka det gjeld.
- Tannhelsepersonalet skal av eige initiativ sende bekymringsmelding til barneverntenesta når det er grunn til å tru at eit barn blir utsett for vald, overgrep eller andre former for alvorleg omsorgsvikt.
- Utan hinder av teieplikta skal helsepersonell av eige tiltak gje opplysningar til barneverntenesta når det er grunn til å tru at barnet blir mishandla i heimen eller at det føreligg andre former for alvorleg omsorgsvikt. jf. lov om barneverntenesta §4-10, §4-11, §4-12. Det same gjeld barn med vedvarande åtferdsvanskar jf. nemde lov §4-24.

Ved tvil om meldeplikta er til stades, drøfte saka anonymt med barneverntenesta, som kan gi råd og rettleiing. Drøftingar av enkeltsaker **skal vere anonyme** fram til det føreligg ei bekymringsmelding til barneverntenesta.

Avtalen skal reviderast ved endring av lovverk, organisering og andre årsaker som er avgjerande for samarbeidet. Avtalen må gjennomgåast årleg og skal gjelde fram til ny avtale er utarbeidd og teken i bruk.

Avtalen skal signerast av leiar for barneverntenesta og klinikkleiar/ overtannlege.

Avtalen kan lastas ned på: [mrfylke.no/Intranett/Fagavdelingar/Tannhelse/Folkehelse-og-samhandling/Barneverntenesta/](http://mrfylke.no/Intranett/Fagavdelingar/Tannhelse/Folkehelse-og-samhandling/Barneverntenesta/)

# Rutinar for bekymringsmeldingar

Tannhelsetenesta har opplysningsplikt til barnevernet dersom det er grunn til å tru at eit barn blir mishandla i heimen eller blir utsett for andre former for omsorgssvikt. Dersom ein har mistanke om at barnet er utsatt for vald/omsorgssvikt, eller ikkje møter til time trass tiltaka om oppfølging av ikkje-møtt, bør ein vurdere å sende bekymringsmelding til barneverntenesta og eventuelt politiet.

Helsepersonell har ei sjølvstendig plikt til å melde, jf. Lov om helsepersonell § 33: «Den som yter helsehjelp, skal i sitt arbeid vere merksam på forhold som kan føre til tiltak frå barnevernstenesta si side. Utan hinder av teieplikta etter § 21 skal helsepersonell av eige tiltak gje opplysningar til barnevernstenesta når det er grunn til å tru at eit barn blir mishandla i heimen, eller det føreligg andre former for alvorlig omsorgssvikt, jf. Lov om barnevernstenesta § 4–10, § 4–11 og § 4–12. Det same gjeld dersom eit barn har vist vedvarande og alvorlige åtferdsvanskar, jf. nemnt lov § 4–24».

Behandlar (tannlege, tannpleiar eller tannhelsesekretær) fyller ut skjemaet som ligg på intranett, og sender det til barnevernet.

Om varsel til føresette: Så langt som mogleg, bør tannhelsepersonalet informere føresette før meldinga blir sendt barnevernet. Det bør informerast om årsak til bekymringsmelding.

Føresette skal **ikkje** varslast dersom det kan medføre overlast for barnet, dvs. ved mistanke om seksuelle overgrep, vold, mishandling eller anna straffbar handling (fare for å miste bevis). Barnevernet skal informerast når ein vel å **ikkje** informere føresette.

Husk å dokumentere alt i journalen, slik ein kan talfeste varslar og bekymringsmeldingar.

I kva tilfelle skal tannhelsepersonalet sende bekymringsmelding:

- Bekymringsmelding som gjeld pasientar frå 0 til og med 15 år, som etter påminningar og varsel gjentekne gonger over tid, ikkje møter på oppsette timer.

- Bekymringsmelding som gjeld pasientar mellom 0–18 år som ein mistenker er utsatt for mishandling eller andre former for alvorleg omsorgssvikt.

Det er utarbeidd prosedyrar og brevmaler for meldingane; ikkje møtt brev skal hentast i Opus og brev til barnevern frå intranett (*sjå vedlegg*).

## Rutinar for oppfølging av pasientar frå 0 til og med 15 år, som ikkje møter til avtalt time

Den offentlege tannhelsetenesta skal drive oppsøkande verksemd, jf. tannhelsetenestelova § 1–3. Det vil seie at den offentlege tannhelsetenesta skal gjere ein aktiv innsats for at tilbodet når fram til den det gjeld. Når pasienten ikkje møter til avtalt time, bør tannhelsepersonalet først forsøke å ta personleg kontakt med pasient/føresette på telefon eller anna måte for å oppnå ein god kommunikasjon. Personleg kontakt kan bidra til å bygge ein god relasjon mellom behandlar og pasient/føresette. Når dette blir gjort på ein god måte, kan det bidra til at pasienten møter til avtalte timer.

### Recall 1:

- Dersom pasienten ikkje møter til timeavtale, undersøk først om klinikken har rett adresse og telefonnummer. Ta kontakt med føresette på telefon for å opplyse om at barnet ikkje har møtt til time, og avtal ny time.
- Dersom ein ikkje oppnår kontakt, send ei påminning «ikkje møtt brev 1», (*vedlegg nr. 1*) om at vedkommande ikkje har møtt til oppsett timeavtale, med informasjon om å melde seg sjølv for ny timeavtale innan 3 veker. Sett pasienten på ny recall om ca. 6 veker.
- Journalfør.

### Recall 2:

- Dersom føresette ikkje tar kontakt og pasienten ikkje møter til ny time, send ei ny påminning «ikkje møtt brev 2», (*vedlegg nr. 2*).
- Journalfør.

### Ved kontakt:

- Informer om at tannklinikken legg til rette for pasientar som av ulike årsaker syns det er vanskeleg å møte, og avtal ny time.
- Journalfør.
- Målsettinga er å oppnå kontakt med føresette for å motivere til oppfølging av barnet si tannhelse.

### Når ein ikkje får kontakt med pasient (o til og med 15 år):

- Dersom det framleis ikkje er kontakt med pasient etter påminningsbrevet (ikkje møtt brev 2), skal det sendast «Bekymringsmelding til bruk ved manglande frammøte» til barnevernet «brev 4» (*vedlegg nr. 4*).
- Kopi av bekymringsmeldinger til føresette.
- Informer klinikleiar med journalnummer.
- Registrer bekymringsmelding i Opus.
- Sett opp ny innkalling om 6 månader.

### Rutinar for oppfølging av pasientar frå 16 til og med 18 år som ikkje møter til avtalt time

I utgangspunktet skal det **ikkje** sendast varsel til føresette for ungdom i alderen frå 16 til og med 18 år, som ikkje møter til avtalt time. Helsepersonell har som hovudregel teieplikt ovanfor pårørande til pasientar som er over 16 år, jf. pasient- og brukerrettighetsloven § 3–4. Det er unntak frå dette;

- Barn mellom 16 og 18 år som ikkje har samtykkekompetanse, jf. pasient og brukerrettighetsloven § 4–5.
- Dersom ein pasient har mykje ubehandla karies og med fare for infeksjonar som kan gi alvorlege helseproblem, bør ein likevel vurdere kvart enkelt tilfelle. I § 3–4 tredje ledd står det: «Informasjon som er nødvendig for å oppfylle foreldreansvaret, skal likevel gis til foreldre eller andre med foreldreansvaret når pasienten er under 18 år».

Vi har tolka dette slik at foreldre og andre med foreldreansvar har rett til opplysning som er av betydning for å kunne utøve det lovpålagte ansvaret. Då skal opplysninga gis både til pasient og føresette. Det kan med fordel vere greitt å diskutere dei tilfella det gjeld med overtannlegen før ein sender ut påminningsbrevet.

### Recall 1:

- Dersom pasienten ikkje møter til timeavtale, undersøk først om klinikken har rett adresse og telefonnummer. Dersom pasienten har eit stort behandlingsbehov eller ikkje-møtt historikk, kontakt vedkomande på telefon.
- Dersom ein ikkje oppnår kontakt, send ei påminning; «ikkje møtt brev 1» (*vedlegg nr. 1*) med informasjon om å melde seg sjølv for ny timeavtale innan 3 veker. Sett opp recall med individuell vurdering av innkallingsintervall, maksimum 6 månader.
- Journalfør.

### Recall 2:

- Dersom pasienten ikkje møter til neste oppsette timeavtale, forsøk å kontakte pasienten på telefon og kontroller om adressa er rett.
- Journalfør.

### Ved Kontakt:

- Informer om at tannklinikken legg til rette for pasientar som av ulike årsaker syns det er vanskeleg å møte, og avtal ny time.
- Journalfør.

### Når ein ikkje får kontakt med pasient (16 til og med 18 år):

- Send informasjonsbrev frå tannklinikken «ikkje møtt brev 3» (*vedlegg nr. 3*).
- Individuell vurdering av innkallingsintervall, maksimum 6 mnd.
- Journalfør.

# Opplysningsplikt til barnevernet

## Mistanke om at pasienten (0-18 år) vert utsett for vald/omsorgssvikt

### Lovmessig opplysningsplikt til barneverntenesta:

- Tannhelsepersonell skal av eige tiltak gi opplysningar til barneverntenesta når det er grunn til å tru at eit barn blir mishandla i heimen, eller ved mistanke om andre former for omsorgssvikt.
- Helsepersonell har ei sjølvstendig plikt til å melde.
- Det er nok at ein har ein grunn til mistanke, ikkje sikker kunnskap, men at det er forhold som gjer at ein mistenker at barnet er utsett for vald/omsorgssvikt.
- Tannhelsepersonell kan også bli pålagt av barneverntenesta å gi frå seg informasjon frå journalen.

Lov om helsepersonell § 33: «Den som yter helsehjelp, skal i sitt arbeid vere merksam på forhold som kan føre til tiltak frå barnevernstenesta si side. Utan hinder av teieplikta etter § 21 skal helsepersonell av eige tiltak gje opplysningar til barnevernstenesta når det er grunn til å tru at eit barn blir mishandla i heimen, eller det føreligg andre former for alvorlig omsorgssvikt, jf. Lov om barnevernstenesta § 4–10, § 4–11 og § 4–12. Det same gjeld dersom eit barn har vist vedvarande og alvorlige åtferdsvanskar, jf. nemnt lov § 4–24».

### Å ta ei avgjerd om å sende bekymringsmelding bør skje etter ei totalvurdering av barn og føresette:

- Barnet og den føresette sin åtferd.
- Kommunikasjon og samspel mellom barn og føresette.
- Fysiske eller psykiske teikn på vold/overgrep.
- Andre forhold som kan gi grunn til bekymring.

Teikn eller funn skal ikkje utredast nærmare, det er opp til barnevernet. Snakk naturleg med barnet, observer, undersøk og dokumenter vurderingar og funn.

- Journalfør funn objektivt, nøyaktig og balansert.
- Beskriv pasienten sin åtferd, det treng ikkje vere atypisk åtferd.

Skjema for bekymringsmelding til barnevernet skal lastas ned frå intranett (*sjå vedlegg nr. 5*).

## Omsorgssvikt

Psykisk mishandling som kan påverke barnet sin psykiske vekst og utvikling, og som skjer i eit gjentatt mønster av øydeleggande interaksjonar mellom føresette og barnet.

### Indikasjonar på psykisk mishandling:

- Barn som viser teikn til redsel eller angst, til dømes ikkje tør svare av redsel for reaksjon frå føresette.
- Barn som viser teikn til depresjon, sjølvskading, spiseforstyrningar eller rusmisbruk.
- Barn som dissosierer (blir fjerne, forsvinner inn i sin egen verden).
- Anna som du syns er påfallande/uvanleg.

Fysisk mishandling av barn inneber at ein vaksen person påfører eit barn smerte, kroppsleg skade eller sjukdom.

### Indikasjonar på fysisk mishandling

- Blåmerker; kniping, slag, kasta/skubba.
- Brannsåar; sigarettar, varmeomn, strykejern.
- Skoldingskadar; varm væske.
- Hårtap; lugging.
- Hovudskadar.
- Barnet har vondt for å sete i stolen eller har eit spesielt ganglag.

- Skader på atypiske stader.
- Skader på begge sider av kroppen/ symmetriske skader.
- Dårlig fysisk allmenntilstand, nedsett høgde-vekt-utvikling og/eller redusert kognitiv utvikling.
- Skader på barn som ikkje kan bevege seg fritt (funksjonshemma).

### Orale indikasjonar på omsorgsvikt

- Brannså; tunge, blautvev.
- Blødingar, sår og febrinbelagt lesjonar i munnslimhinne.
- Avrive frenulum, leppe, tunge.
- Hevelsar, rifter, sår og blødingar på lepper eller i munnviker.
- Kjevebeinsfraktur.
- Frakturerte tenner.
- Dislokaliserte tenner.
- Manglande tenner.
- Alvorlege erosjonar.

### Seksuelle overgrep

Barn som av vaksne blir engasjert i seksuelle aktiviteter som dei ikkje er emosjonelt, seksuelt eller utviklingsmessig modne for.

### Indikasjonar på seksuelt overgrep

- Ekstrem behandlingsvegving.
- Ekstrem brekningstendens.
- Vondt å sitte i stolen.
- Vondt å gå.
- Tause tårer.

### Vanstell

Vanstell er manglande dekning av barnet sine fysiske, kognitive, emosjonelle og/eller sosiale behov.

### Indikasjonar på vanstell

- Underernæring.

- Ekstrem fedme.
- Manglande beskyttelse eller upassande påkledning i forhold til veret, eller tid på døgnet med omsyn til solforbrenning eller frostskeidar.
- Manglande hygiene, negler, hår, tenner.
- Gjentekne skadar, leik med kniv, stikkskeidar eller liknand.
- Forsinka utvikling av språk, motorikk eller vekst.
- Uvanleg oppførsel, ekstremt oppmerksamheit-søkande eller unnvikande oppførsel.

### Kva kan indikere at skaden skuldast omsorgsvikt?

- Plassering av skader. Er det naturleg å få denne type skadar på denne lokalisasjonen?
- Alder på skaden. Er skaden ny eller har barnet gått med den ei stund?
- Alder på barnet. Er denne type skade naturleg for barnet sin alder?
- Forklaring på korleis skaden har oppstått. Forsøk å snakke med barnet åleine og så med føresette. Har barn og føresette same forklaring?
- Er forklaringa samanfallande med skaden?
- Oppførsel til barn og føresette
- Andre tidlegare skader, behandla/ ubehandla?

### Oppsummering

- Løft blikket. Sjå heile barnet, ikkje berre munnen.
- Vurder skader/merke i forhold til barnet sin alder og utvikling.
- Vurder skader i forhold til korleis skaden blir forklart. Er den sannsynleg?
- Sjå på samspelet mellom barn og føresette.
- Opptre roleg og trygg.



- Sjå på historikk, tidlegare traume, oppmøtehistorikk, karies osv.
- Ha dialog med barnet, våg å still opne spørsmål som ikkje kan svarast med ja eller nei.
- Still enkle konkrete spørsmål direkte til barnet.

#### Døme på spørsmål:

- Kven pussar tennene dine?
- Når pussar du tennene dine?
- Kven følgde deg til tannklinikken i dag?
- Korleis fekk du den skaden på tanna?
- Kva skjedde då tanna knakk/fall ut/blei blå osv.?
- Korleis fekk du det såret/ blåmerket på halsen?
- Korleis har du det heime?
- Eg ser at noko er vanskeleg, fortell.

Dersom det berre er kliniske funn, skal dette dokumenterast. Ta kliniske bilder. Om føresette motset seg dette og det ikkje føreligg samtykke til å ta foto, ta bilete av sjølve lesjonen/skaden på ein måte der pasienten ikkje kan identifiserast (sjå håndbok for helse- og omsorgspersonell ved mistanke om barnemishandling: [nkvts.no/barnemishandling/](http://nkvts.no/barnemishandling/)).

Bruk linjal el liknande for å dokumentera størrelse og omfang av skaden.

Det er viktig at ein har ekstra merksemd retta mot søsken til barn som ein mistenker har vore utsett for mishandling og/eller omsorgssvikt. Forsking viser at psykisk utviklingshemma er ei gruppe som er spesielt utsett for mishandling og omsorgssvikt, derfor skal ein ha ekstra merksemd retta mot denne pasientgruppa.

Informer klinikkleiaren med journalnummer. Klinikkleiar har det overordna ansvaret for alle pasientar som høyrer til klinikken, og har dermed ansvar for ivaretaking av søsken og saker som handlar om bekymring.

#### Bekymring skal dokumenterast og journalførast, jf. Journalforskriften §8; i desse tilfella:

- Om det blir gitt opplysningar til barnevern eller politi.
- Om det er innhenta samtykke frå føresette til å gi opplysningar til barnevernet og/eller politiet, og om det er gitt informasjon til barn og føresette om at slike opplysningar blir gitt.
- Det skal **ikkje innhentast samtykke** frå føresette eller frå barnet dersom det kan vere fare eller ulempe for barnet at føresette blir informert.
- Føresette **skal ikkje informerast** om at bekymringsmelding blir sendt, dersom det kan vere til fare eller ulempe for barnet.

Om du er usikker på dine observasjonar/ vurderingar, kall pasienten inn til ny time snarast råd. Finn eit påskot for ny time. Førebu deg og allier deg med ein kollega for å få ei anna vurdering.

#### Råd og rettleiing

I saker der ein er usikker, kan kontaktperson i barnevernstenesta gje råd og rettleiing. Drøftingar med ressursperson i tannhelsetenesta skal vera anonyme. Drøftingar med barnevernet skal vera anonyme inntil det føreligg ei bekymringsmelding.

**Ressursperson i Den offentlege tannhelsetenesta i Møre og Romsdal og kontaktperson/team i lokalt barnevern finn du på tannklinikken si samarbeidsavtale med kommunen.**

**Avtalen gjennomgåast årleg og skal gjelda fram til ny avtale er utarbeidd og teken i bruk. Les innhaldet i noverande avtale på side 3 i brosjyra.**





## Spørsmål i ein undersøkingsfase

### Forslag til spørsmål barneverntenesta kan stille tannhelsetenesta

#### Punkta er rettleiande.

- Når var barnet på sitt første besøk på tannklinikken?
- Har barnet møtt regelmessig til avtalar?
- Når og kor mange gongar har barnet ikkje møtt til avtalar?
- Er det meldt avbod i forkant av timen?
- Er det oppgitt årsak til det manglande oppmøtet?
- Har barnet hatt følge til tannklinikken, og kven har i tilfelle følgt barnet?
- Korleis opplever du samspelet mellom barnet og føresette på tannklinikken?
- Korleis opplever du barnet i behandlingssituasjonen, har det avvikande åtferd?
- Korleis er barnet sin tannhelse?
- Korleis er barnet sin munnhygiene?
- Har det vore behov for å gje ekstra opplæring i munnhygiene og tett oppfølging av barnet?
- Korleis opplever du barnet sin generelle hygiene?
- Opplever du at føresette/barnet har tatt opplæringa på alvor?
- Opplever du at føresette er samarbeidsvillig?
- Opplever du at føresette følger opp tiltak som blir sett i verk eller
- tilrådd av tannhelsepersonell?
- Har munnhygiene til barnet blitt betre?
- Har barnet møtt til akutt tannbehandling ved traume/skade på tenner/kjeve?
- Er det nokon gong blitt dokumentert blåmerke/skade på barnet når det har møtt til tannbehandling?
- Er skade/traume/blåmerke dokumentert med foto?
- Har barnet nokon gong fortalt om forhold i heimen som kan gje grunn til bekymring?
- Har tannhelsepersonell kjennskap til forhold i familien som kan ha negativ innverknad på korleis barnet har det?
- Korleis er frammøte for søsken?

# Vedlegg 1: Ikkje møtt brev 1

Brevmalen skal  
hentast i **Opus**

*Ikkje møtt brev 1*



Møre og Romsdal  
fylkeskommune

Til \_\_\_\_\_

Føresette/pasient

\_\_\_\_\_ fødd \_\_\_\_\_ møtte ikkje til avtalt time den \_\_\_\_\_

Du har ikkje avbestilt timen. Vi har prøvd å kontakte deg på telefon, men har ikkje oppnådd kontakt.

Barn og ungdom har rett til tannhelsetenester, og tannhelsetenesta er pålagt å gi eit oppsøkjande tilbod til barn og ungdom 0 – 18 år om førebygging og behandling.

Om det er spesielle årsaker til du ikkje kan møte, ber vi deg gi oss beskjed om det. Vi vil prøve å legge til rette for ønska dine.

Ver venleg å ta kontakt med oss innan tre veker på telefon for ny timeavtale.

Telefon \_\_\_\_\_

Vi håpar å høyre frå deg snart!

Med vennleg helsing

Tannlege/tannpleiar

\_\_\_\_\_

Dato \_\_\_\_\_

Tannklinikk \_\_\_\_\_

Adresse og telefon \_\_\_\_\_

Samarbeid mellom tannhelsetenesta og barneverntenesta – juni 2017

## Vedlegg 2: Ikkje møtt brev 2

Ikkje møtt brev 2



Møre og Romsdal  
fylkeskommune

Brevmalen skal  
hentast i **Opus**

Føresette til

\_\_\_\_\_ fødd \_\_\_\_\_ har ikkje møtt til avtalte timar.  
*Namn på pasient under 16 år*

Det var sett opp avtalar hos oss følgande datoar \_\_\_\_\_

Vi har prøvd å kontakte deg på telefon og per brev, men har ikkje oppnådd respons. Dersom barnet får tannbehandling ved ein anna klinikk, har vi ikkje motteke opplysningar om dette. Vi vil opplyse om at barn har rett til helsehjelp, og at du som føresett har plikt å skaffe dette.

Tannhelsetenesta i Møre og Romsdal skal gi eit regelmessig og oppsøkande tilbod til barn og ungdom frå 0-18 år. I følge Lov om tannhelsetenesta er det vårt ansvar å medverke til at pasientane våre får tannbehandling, og ivareta oppfølging av generell tannhelse.

Vi er no bekymra for at barnet ditt ikkje får dette tilbodet. Vi legg gjerne til rette for pasientar som syns det er vanskeleg å møte til tannbehandling. Det kan også avtalast time for ein samtale.

Helsepersonell har plikt til å melde barnevernet når dei meiner det er grunn til uro, eller om det er forhold som det blir reagert på (jfr. Helsepersonellova § 33). Om vi ikkje høyrer frå deg innan fristen, vil vi vurdere å sende ei slik bekymringsmelding.

Vi ber deg ta kontakt med oss snarast, **og seinast innan tre veker** for ny timeavtale.

Telefon \_\_\_\_\_

Vi håpar å høyre frå deg snart!

Med vennleg helsing

Tannlege/tannpleiar

\_\_\_\_\_

Dato \_\_\_\_\_

Tannklinikk \_\_\_\_\_

Adresse og telefon \_\_\_\_\_

Samarbeid mellom tannhelsetenesta og barneverntenesta – juni 2017

## Vedlegg 3: Ikkje møtt 16-18 år

Brevmalen skal  
hentast i **Opus**

Brev 3 Ikkje møtt 16-18 år



Møre og Romsdal  
fylkeskommune

INFORMASJON TIL PASIENT OVER 16 ÅR som ikkje har møtt til tannbehandling

Namn \_\_\_\_\_ fødd \_\_\_\_\_ møtte ikkje til time den \_\_\_\_\_

Tannhelsetenesta i Møre og Romsdal skal gi eit regelmessig og oppsøkande tilbod til barn og ungdom frå 0-18 år.

Vi har registrert at du ikkje har møtt opp til avtalt time hos oss.

Det var sett opp avtaler hos oss følgande datoar: \_\_\_\_\_

Vi har prøvd å kontakte deg på telefon men har ikkje oppnådd respons. Tannklinikken har heller ikkje motteke opplysningar om at du får tannbehandling ved ein anna tannklinikk.

I følge Lov om tannhelsetenester er det vårt ansvar å medverke til at våre pasientar får tannbehandling, samt ivareta oppfølging av generell tannhelse. Barn og unge mellom 0-18 år har rett til gratis tannhelsetilbod frå den offentlege tannhelsetenesta. Vi er no bekymra for at du ikkje får dette tilbodet.

Om det er spesielle årsaker til du ikkje kan møte, ber vi deg gi oss beskjed om det. Vi vil prøve å legge til rette for dine ønsker.

Ver venleg å ta kontakt med oss innan tre veker på telefon for ny timeavtale.

Telefon \_\_\_\_\_

Vi håpar å høyre frå deg snart!

Med vennleg helsing

Tannlege/tannpleiar

\_\_\_\_\_

Dato \_\_\_\_\_

Tannklinikk \_\_\_\_\_

Adresse og telefon \_\_\_\_\_

Samarbeid mellom tannhelsetenesta og barneverntenesta – juni 2017

# Vedlegg 4: Bekymringsmelding 1

Brev 4. Bekymringsmelding til bruk ved manglande fram møte  
(Unnateke off: §13)



Møre og Romsdal  
fylkeskommune

Barneverntenesta i \_\_\_\_\_ kommune

## Bekymringsmelding til barnevernet

Gjeld pasient (0 til og med 15 år) som ikkje møter til tannbehandling.

Tannhelsetenesta har som oppgåve å gi eit oppsøkande tilbod til barn og unge frå 0–18 år. I følge Lov om tannhelsetenester skal tannhelsetenesta i Møre og Romsdal sørge for at alle barn får nødvendig førebyggjande tannhelseteneste og tannbehandling.

Tannhelsetenesta er pålagt opplysningsplikt til barnevernet, jf. *Lov om Helsepersonell § 33*

Vi er no bekymra for dette barnet og den vidare utviklinga av tannhelsa.

Namn \_\_\_\_\_ Fødselsnummer \_\_\_\_\_

Adresse \_\_\_\_\_

Føresette \_\_\_\_\_

Meldt til barnevernet tidligare: Ja  dato \_\_\_\_\_ Nei

Denne pasienten har ved fleire høve ikkje møtt til avtalt time. I følge tannhelsejournalen har pasienten ikkje møtt på følgjande datoar: \_\_\_\_\_

Det er forsøkt å få kontakt på telefon og det er sendt brev til føresette, utan å oppnå respons. Det er heller ikkje motteke opplysningar om at barnet får behandling ved ein anna klinikk.

Med vennleg helsing

Tannlege/tannpleiar

\_\_\_\_\_

Dato \_\_\_\_\_

Tannklinikk \_\_\_\_\_

Adresse og telefon \_\_\_\_\_

Samarbeid mellom tannhelsetenesta og barneverntenesta – juni 2017

**MERK!** Brevmalen skal lastast ned frå **intranett**, og kan skannast som vedlegg i Opus.

[mrfylke.no/](http://mrfylke.no/)  
[Intranett/](#)  
[Fagavdelingar/](#)  
[Tannhelse/](#)  
[Folkehelse-og-](#)  
[samhandling/](#)  
[Barneverntenesta/](#)

# Vedlegg 5: Bekymringsmelding 2

**MERK!** Brevmalen skal lastast ned frå **intranett**, og kan skannast som vedlegg i Opus.

[mrfylke.no/](http://mrfylke.no/)  
[Intranett/](#)  
[Fagavdelingar/](#)  
[Tannhelse/](#)  
[Folkehelse-og-](#)  
[samhandling/](#)  
[Barneverntenesta/](#)

Brev 5 bekymringsmelding ved mistanke om omsorgssvikt(0-18 år)



Møre og Romsdal  
fylkeskommune

## Bekymringsmelding til barneverntenesta

Bekymringsmelding til Barneverntenesta i \_\_\_\_\_

Frå den offentlege tannhelsetenesta i \_\_\_\_\_

<b>Namn på barnet:</b> etternamn, fornamn	Fødselsnummer:
Adresse:	Journalnummer:
<b>Namn på føresette:</b> etternamn, fornamn	Har barnet søsken?
<b>Namn på føresette:</b> etternamn, fornamn	Kor mange?
Foreldreansvar:	Behov for tolk? Språk?

### Funn/teikn som gir grunnlag for bekymring om barnet er utsett for mishandling eller alvorleg omsorgssvikt:

Bakgrunn for meldinga:

Funn i barnet sin munn eller kropp, barnet-/føresatte si åtferd, psykiske teikn, anna  
Beskriv:

Ikkje møtt til timeavtaler på følgjande datoar:

2

Når oppstod bekymringa? Kva er gjort så langt?	
Er føresatte informert om meldinga, og på kva måte?	
Eventuelle opplysningar om foreldre, herunder samarbeid med foreldre:	
Andre opplysningar du meiner er viktig for barneverntjenesten. Er barnet tilvist andre hjelpeinstansar? JA / NEI Eventuell kontakt hos hjelpeinstans:	
Namn på meldar:	Telefonnummer:

Kopi til klinikleiar

Dato: \_\_\_\_\_

Underskrift: \_\_\_\_\_





Møre og Romsdal  
fylkeskommune

Fylkeshuset, 6412 Molde  
Telefon 71 25 80 00  
[post@mrfylke.no](mailto:post@mrfylke.no)  
[mrfylke.no](http://mrfylke.no)